

# Vekeplan 5.trinn



Time kommune

Lye Skule

Veke: 10

Mål	
Norsk	Elevane skal kunna ulike eventyrtrekk.
Matte	Elevane skal skriva og bruka desimaltal med tidelar og hundredelar.
Engelsk	Elevane skal arbeida med engelske tekstar.
Sosialt	Eg er ein god skulevenn.

## Timeoversikt

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
<b>1. økt</b> 8.30 - 10.00	Kunst og handverk	5B Norsk Alf 5A Koding Rasmus	5A koding Rasmus 5B Norsk Alf	Norsk	Norsk Matematikk Engelsk Går kl. 09.30.
<b>2. økt</b> 10.15 - 11.15	Kunst og handverk	Grej of the day	Konsert med Songskattane	Matte	Uteskule
<b>3. økt</b> 12.00 - 1300	Matematikk	5A norsk Alf 5B koding Rasmus	Matte	Kroppsøving	Uteskule
13.00 - 13.20	<b>Fysisk aktivitet</b>		Norsk	<b>Fysisk aktivitet</b>	
<b>4. økt</b> 13.20 - 14.20 (13.10 - 14.10, onsdag)	Engelsk		Slutt 14.10	Arbeidsprogram	

### Meldingar til heimen:

Timebestilling til helsesjukepleier:

<https://outlook.office365.com/owa/calendar/Helsesjukepleiar@time.kommune.no/bookings/>

På onsdag skal 4. trinn ha framsyning av "Songskattane" i Storstova. Me er invitert og tek buss ned. Klokka 10.10 og retur klokka 11.30. Kan vera lurt å ha klar litt mat før me reiser ned. Me et når me "skikkeleg" når me kjem opp på skulen.

til tysdag	til onsdag	til torsdag	til fredag
<b>Rekning:</b>	<b>Lesing:</b>	<b>Lesing:</b>	<b>Lesing:</b>
<p>Gjer innføringsleksa som ligg i showbie - matematikk- lekse veke 10.</p> <p>Skriv i innføringsboka.</p>	<p>Les ein gong høgt for deg sjølv og ein gong for ein vaksen.</p> <p><b>Overskrift:</b> Veke 10 og set inn eit bilete som passar.</p> <p>A "H.C. Andersen" i Saltoboka B s. 15 eller Skolestudio Salto "Eventyr og fablar" kapittel 9.</p> <p>1. Kva tyder "Den grimme ælling" på norsk?</p> <p>2. Skriv ein forskjell på folkeeventyr og kunsteventyr.</p> <p>B: "Hemmelegheita til Raudhette avslørt " s. 9 i Saltoboka B eller Skolestudio Salto "Eventyr og fablar" kapittel 9.</p> <p>1. I kva for nokre land blir eventyret om Raudhette og ulven fortalt?</p> <p>2. For kor lenge sidan reknar ein med at eventyret "Raudhette og ulven" oppstod?</p>	<p>Les ein gong høgt for deg sjølv og ein gong for ein vaksen.</p> <p>Lekseleksa ligg på showbie - 5.trinn - Tema - Temalekse</p> <p>A: side 93 - 94</p> <p>B: side 93 - 95</p> <p>Lesebestilling: Skriv i temaboka: Overskrift, veke 10</p> <p>Spørsmåla ligg i showbie i teksten.</p> <p><b>Øv på diktaten.</b></p> <p><b>-Pakk gymklede og gymsko til kroppsøving.</b></p>	<p>Skolestudio - Explore- kapittel 4 "In the shop". Les med til lydfila ein gong og les to gonger for ein vaksen.</p> <p>A: "Doing the shopping" i Skolestudio Explore eller p. 85 i Explore-boka.</p> <p>B: Differensiert lesing eller lang tekst. "At the checkout" and "Tongue twisters and jokes"p. 86 and 87 i Explore-boka eller Explore i Skolestudio.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjer ferdig glossery.</li> </ul> <p><b>-Lad læringsbrettet til 100%</b></p> <p><b>-Pakk til uteskule.</b></p>
<b>Diktat/finskrift: SOL - ord.</b>		<b>Glossary</b>	

<p>Kan du gå <b>føre</b> meg i skiløypa?  Eg tykkjer at eg har ein <b>bra</b> og modig bror.  Det er interessant at dyra <b>gjerne</b> et mugne brød.  Foreldrene mine har <b>gitt</b> meg mange sykklar og sykkelpumper.</p>	<p>A: opposite - overfor  sausages - pølser  behind - bak  B: self-checkout - sjølvbetjent kasse  remind me - minn meg på  changing room - prøverom</p>
---	---

## Uteskule 7. februar

### Til elevar og føresette på 5. trinn

**På fredag skal me gå til "Tjoratjørn".** Me går frå skulen ca. klokka 09.30. Alle må ha med seg tursekk, regnkleda må vera i sekken eller på.

Me lagar bål, dei som ønskjer kan ta med seg ein vedpinne.

Alle må ha med seg læringsbrettet til skulen. Me skal bruka det før me går.

<p><b>Til denne turen må du ha med:</b>  Klede etter veret.  Vedpinne, dersom du har.  Vatn  Gode sko.</p> <p><b>Kan ha med:</b>  Bålmat  Grillpinne  Varm drikke (f. eks kakao)  Rett i koppen/ nudlar ol.  Ekstra genser og ekstra sokkar  Sitjeunderlag</p>
--

*Helsing Alf og Rasmus*

